



# Årsmøte i Sunnfjord Venstre

**Sunnfjord rådhus 19. januar 2020 kl. 18.00 – 20.00**

## **Sakliste:**

1. Godkjenning av innkalling, sakliste og medlemene sine rettar i møtet
2. Konstituering
  - Val av:
    - Møteleiar
    - Møtereferent
    - Teljekorps
    - To personar til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2019
4. Rekneskap 2019
5. Arbeidsprogram for Sunnfjord Venstre 2020
6. Medlemskontingent 2021
7. Budsjett for Sunnfjord Venstre 2020
8. Fråsegner
9. Val
  - Leiar (1 år)
  - To styremedlemer (2 år)
  - Ein i styret skal ha kasserarverv
  - 1.-3. varamedlem (1 år)
  - To medlemer i valkomiteen (2 år)
10. Val av fem utsendingar med vara til årsmøte i Vestland Venstre 8.-9. februar



## **1. Godkjenning av innkalling, sakliste og medlemene sine rettar i møtet**

Varsel om dato for årsmøte vart sendt til medlemene 30. desember 2019. Innkalling, sakliste og sakspapir til årsmøte vart sendt til medlemene 9. januar 2020.

**Framlegg til vedtak:** Innkalling og sakliste blir godkjent. Medlemer som har betalt kontingenten 2019 eller nye medlemmer som har betalt kontingenten i 2020 har fulle rettar i årsmøtet og nominasjonsmøtet.

## **2. Konstituering**

Val av:

- Møteleiar
- Møtereferent
- Teljekorps
- To personar til å skrive under protokollen

## **3. Årsmelding 2019**

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner årsmelding 2019.

# Årsmelding Sunnfjord Venstre 2019



## Innleiing:

Sunnfjord Venstre vart skipa 1. februar 2018 og hadde det første ordinære årsmøtet i laget 20. januar 2019. Styret og gruppene i dei fire kommunestyra der vi har folkevalde, Naustdal, Jølster, Førde og Sunnfjord (frå oktober 2019), har hatt eit aktivt år i 2019. Under kommunevalkampen 2019 var aktivitetsnivået spesielt høgt og det vart lagt ned stor innsats av valkamputvalet og mange av medlemene.

Kommunevalet 2019, konsolidering av det nye lokallaget, medlemsmøte og synleggjeringsarbeid har vore dei viktigaste sakene til styret. I tillegg har lokallaget bidratt aktivt til politikkkutforminga både på fylkesplan og nasjonalt.

## Styrearbeidet:

Styret har sidan årsmøtet 20. januar 2019 hatt fem møte.

Styret har vore samansett slik:

**Leiar:** Åge Avedal

**Nestleiar:** Vigdis Tonning

**Styremedlem:** Eivind Standal Husabø (fram til 14. september 2019)

**Styremedlem:** Birgit Tansøy

**Styremedlem og kasserar:** Ole-Magnus Kapstad

**1. varamedlem:** Anne Mette Hjelle

**2. varamedlem:** Kurt Hafstad

**3. varamedlem:** Sirianne Svindland

**4. varamedlem:** Berit Ekerbakke

**Revisorar:** Jan Haarklau, Knut Gunnar Fonn.

**Valnemnd:** Jan Taule (leiar), Oddvar Svidal, Magnhild Runde

Styret sette ned eit valkamputval til å leie arbeidet med kommunevalkampen. Elisabet Kjerstad Bøe var leiar i utvalet. Dei andre medlemene i valkamputvalet var Gunn Merete Paulsen, Anne Mette Hjelle, Atle Hamar, Elias Slåtten, Tor Emil Foslid, Eivind Standal Husabø og Åge Avedal.

## Medlemstal og medlemsaktivitetar:

Sunnfjord Venstre hadde **43 medlemmer** 31. desember 2019. Ved inngangen av året hadde vi 53 medlemmer. Sunnfjord Venstre er det tredje største partilaget i gamle Sogn og Fjordane Venstre. Styret har invitert medlemene til tre medlemsmøte i 2019. Styret har informert medlemene om aktivitetar i laget og viktige saker gjennom e-post om lag kvar månad, samt intern gruppe på Facebook.

## Utsettingar:

På fylkesårsmøtet i Sogn og Fjordane og Vestland Venstre på Skei 2.-3. februar, møtte Elisabet Kjerstad Bøe, Eivind Standal Husabø, Birgit Tansøy, Vigdis Tonning, Judith Kapstad, Magnhild Runde, Atle Hamar og Elias Slåtten.



Under Lokalpolitisk nettverk i Bergen 11.-12. mai deltok Vigdis Tonning og Åge Avedal frå Sunnfjord Venstre.

14. august var det valkampkickoff for lokallaga i regionen i Førde. Kurt Hafstad, Tor Emil Foslid, Anne Mette Hjelle, Gunn Merete Paulsen, Judith Kapstad, Vigdis Tonning og Åge Avedal møtte frå Sunnfjord Venstre.

Judith Kapstad, Vigdis Tonning og Åge Avedal deltok under Lokalpolitisk nettverk i Bergen 9.-10. november.

### **Opne møte og synleggjering:**

Sunnfjord Venstre inviterte til eit ope møte, «Pils og politikk» 6. mai på Sunnfjord Hotell med temaet *Skulen inn i ei digital framtid*. Innleiarar under møtet var Rune Johan Krumsvik, professor ved Universitetet i Bergen, Gunn Marit Haugsbø, rektor ved Naustdal barne- og ungdomsskule og Guri Melby, stortingsrepresentant for Venstre.

I forkant av møtet deltok Guri Melby på skulebesøk ved Vassenden skule og Førde barneskule, samt fekk orientering om og besøkte Reodorklubben og Campus Førde Verftet.

Styret, dei folkevalde og listetoppene har jobba aktivt med å synleggjere og fronte Venstre sin politikk gjennom lesarinnlegg, utspel og pressemeldingar til lokalmedia. Vi har hatt mange mediesaker i året som gjekk, spesielt i valkampmånadene. I følgje *Retriever* har vi hatt 20 oppslag på web og 18 oppslag på papir i 2019.

Styret har brukt Facebooksida og instagramprofilen aktivt til å fronte lokale saker og arrangement i laget. Vi har brukt midlar på sponsing av kandidatprofilering og arrangement på Facebook og Instagram.

Sunnfjord Venstre deltok i opptoget og med stand under SofjoPride i Førde, og hadde stands ulike stader i nye-kommunen helgane før valdagen.

### **Valkampen:**

Valkamparbeidet vart leia av valkamputvalet. I alt hadde valkamputvalet 11 møte, og det vart lagt ned ein stor innsats frå listekandidatar og medlemene gjennom heile valkampen, spesielt i månadene juni, august og september.

Valprogrammet til Sunnfjord Venstre vart vedtatt i medlemsmøte 31. mars. Det var høg aktivitet i valkampen i form av stands, husbesøk, verksemdsbesøk, deltaking ved store arrangement i Sunnfjord, kollektivaksjonar, mediesaker, bruk av sosiale media, ombering av valbrosjyrar i postkassar, deltaking i debattar mm.

Venstre fekk 424 stemmer ved kommunevalet 9. september, og eit valresultat på 4,0 %. Dette sikra oss to representantar i Sunnfjord kommunestyre, Atle Hamar og Gunn Merete Paulsen. Elias Slåtten er fast møtande for Atle Hamar, som har permisjon grunna rolla som statssekretær. Vi har fast representant i formannskapet, i utval for oppvekst og kontrollutvalet, og vararepresentasjon i utval for helse og omsorg, utval for samfunn, kultur og næring og klageutvalet.



## **Politiske saker:**

Kommunestyregruppene har laga egne oppsummeringar som de finn på dei neste sidene. Vi har ikkje lagt ved eiga melding frå gruppa i Naustdal kommune, då representanten Eivind Standal Husabø har vore uavhengig sidan 14. september.

Styret og valkamputvalet har jobba med å løfte fleire saker både lokalt, på fylkesnivå og nasjonalt.

## **Økonomi:**

Ved årskiftet 2018/2019 hadde vi ein eigenkapital på kr 73 296. Gjennom året har vi fått inntekter på kr 67 271,-. Store delar av inntektene kjem som tilskot frå Venstre sitt studieforbund, og partistøtte via Fylkesmannen og kommunane. I 2019 vart midlane frå Gaular Venstre, kr 20 047,- overført Sunnfjord Venstre. Laget hadde utgifter på kr 82 893,- i 2019. Av dette var kr 63 363,- brukt i til valkamp.

Årsmøtet 2019 vedtok eit budsjett med eit underskot på 30 000 kr, grunna ekstra utgifter til valkampen. Underskotet i 2019 var på kr 15 621,-. Underskotet i 2019 vart mindre enn budsjettert grunna overføring av midlar frå Gaular Venstre.

Ny eigenkapital ved årsskiftet var på kr 57 674,-.

*Styret i Sunnfjord Venstre*



## Melding frå gruppa i Sunnfjord kommune

Det politiske året i Sunnfjord kommune kan delast i to, før og etter kommunevalet 9. september.

### 1. Arbeidet i Fellesnemnda januar – juni 2019

Arbeidet i Fellesnemnda hadde stort trykk i denne perioden. Det var mange saker som skulle handsamast før den nye kommune vart etablert. I realiteten fungerte Fellesnemnda som eit formannskap for Sunnfjord kommune i dette halvåret. Saker som delegeringsreglement, reglement for folkevalde organ, eigarmelding og så vidare vart handsama i Fellesnemnda der vedtaka frå Fellesnemnda skulle følgje som innstilling til det valde kommunestyret i Sunnfjord.

I tillegg handsama vi økonomiplanane til dei ulike kommunane, og i juni vedtok vi prinsipp for budsjett og økonomiplan for Sunnfjord kommune.

Vi hadde også tett oppfølging av framdrifta på den administrative delen av kommunesamanslåinga.

Samarbeidet i Fellesnemnda vart stadig betre i desse to åra, og det siste halvåret var i stor grad prega av felles vilje til å finne gode løysingar.

### 2. Forhandlingane etter valet

Dessverre vart ikkje valresultatet slik som Venstre hadde håpt med berre to faste representantar. Vi fann tidleg ut at det ville vere bra om vi kunne forhandle saman med KrF og MDG som ei sentrumsblokk. Dette fekk vi til i løpet av valkvelden, og det viste seg å vere ein styrke i dei kommande forhandlingane. Vi var opne for forhandlingar i alle retningar og signaliserte dette tidleg. Vi var også tydelege på at vi ikkje ville ha ordførar frå SP. AP og SP (og SV) forhandla i tre dagar, og når forhandlingane braut saman tok SP umiddelbart kontakt med Høgre for forhandlingar. Høgre ville ha med Venstre og då vart heile sentrumsblokka ein del av forhandlingane. Vi landa forhandlingane raskt med fordeling av dei viktigaste verva. SP gav seg på ordførarkravet når vi opna opp for å ha to heiltidspolitikarar i kommunen. Dette meinte vi ville vere viktig og riktig i ein periode der vi både skal bygge den nye kommunen samtidig som vi skal ta vår plass i Vestland fylke. Venstre fekk fast plass i formannskapet. Samarbeidet mellom SP, H, V, MDG og KrG er eit valteknisk samarbeid, men vi er samde om å ha sonderingar i forkant av store saker.

I etterkant har det vore mykje støy rundt varaordførarvervet og lønna til Jenny Følling. I etterpåklokskapens lys kunne vi ha handtert dette annleis, men resultatet er eg trygg på er det beste for Sunnfjord kommune. Venstre si utteljing må seiast å ha blitt bra på trass av at vi berre fekk inn to representantar.

### 3. Arbeidet i Kommunestyret oktober – desember 2019

I august kom det beskjed frå KMD at det var det nye kommunestyret som skulle ta over styringa frå oktober. Dette var nok ein beskjed som overraska mange samanslåingskommunar, også Sunnfjord. Vi fekk ein brå start med høyringssaker om gruve drift på Engebø og vindkraftutbygging. Debatten i gruvesaka var god, sjølv om Venstre ikkje fekk fleirtal for sitt framlegg om å sei nei til driftskonsesjon (23/24). Vi samarbeidde godt med MDG og fekk god politisk merksemd i saka.



Elles var den viktigaste saka budsjettet for 2020. Budsjettet er trangt og det vil bli krav om innsparingar i åra framover. Likevel må det seiast at vi i budsjettprinsippa har lagt inn eit årleg overskot på MNOK 23, det doble av innsparingskravet.

Det er stort sett politisk optimisme knytt til den nye kommunen, og så langt har samarbeidet mellom dei fem partia fungert godt. Vi finn saman i nokre saker, medan vi i andre saker er samde om å vere usamde. Som eit sentrumparti kan Venstre samarbeide politisk i begge retningar, og vi vil også framover søke det fleirtalet som gir oss mest gjennomslag for eigen politikk.

*Gunn Merete Paulsen*

*- gruppeleiar for Venstre i Sunnfjord kommune -*

## **Melding frå gruppa i Jølster kommune**

Året har vore mykje likt 2018 når det gjeld arbeidet i Jølster kommunestyret for Venstregruppa. Eg tek med siste avsnitt frå årsmeldinga 2018 som ei innleiing til årsmeldinga 2019:

«Arbeidsåret 2018 for Jølster Venstre har vore eit år vi har jobba i sterk motvind, ofte aleine, men vi har støtta oss på administrasjonen og rådmann sine tilrådingar, men vorte stemt ned. Året har vore prega av kampen om hallar og problem med økonomiplanar i balanse».

Rådmann Ellen Jensen har i intervju i avisa Firda Tidend teikna eit godt bilete av situasjonen slik det politiske fleirtalet i Jølster har styrt siste året, og det ho seier her kan vi i Venstregruppa seie oss heilt samde i. Eg vil sitere noko frå dette intervjuet som viser korleis vi som mindretall i kommunestyret har vore i ein konstant opposisjon, men på administrasjonen si side.

Ho seier mellom anna dette i intervjuet med avisa: *Det har vore mange smertefulle prosessar, der det til tider har vore rådmannen si oppgåve å prioriterer mellom pest og kolera.* Og ho svarer slik på spørsmålet om Jølster ville ha kunne halde fram som eigen kommune: *Nei, det trur eg ikkje, det ville i såfall blitt veldig krevjande, og det måtte nok ein stor snuoperasjon til om det skulle gå.*

I 2019 vart det og utført ei lokaldemokratiundersøking, og svara som kom inn viste tydeleg at her var det punkt vi utmerka oss i på negativt vis. Dette tok vi opp då saka vart diskutert i kommunestyret. Punktet gjaldt folks oppfatning av om det var kjennskap og vennskap mellom politikare og folk som kunne avgjere utfallet i saker, noko vi som Venstregruppa har kjent på lenge. Såleis tenkjer vi at ein «lengre veg» til rådhuset i Førde vil gje eit betre demokrati i Sunnfjord. Det er vår konklusjon etter dei erfaringar og den strid vi har stått i denne siste valperioden. Det er med stor glede og lette vi ønskjer nye tider velkommen i Sunnfjord Venstre.

Vassenden 3.1.2019

*Judith Kapstad*

*- gruppeleiar for Venstre i Jølster kommune -*



## Melding frå gruppa i Førde kommune

Bystyret i Førde har sidan forrige årsmøte i Sunnfjord Venstre hatt 8 møte. For Venstre har desse møtt: Jan Taule, Gunn Merete Paulsen og Åge Avedal.

Sidan dette har vore det siste året der Førde er eigen kommune, er dette også det siste året med Førde bystyre. Det har difor naturleg nok ikkje blitt laga eigen ny økonomiplan, men gjort mindre endringar/revidering av eksisterande plan. Bystyret har heller ikkje vedteke budsjett for 2020. Dette har no Sunnfjord kommune overteke.

Viktige saker i 2019:

### Plansaker:

- Områderegulering Indre Øyrane
- Elvekanten(v/Handelshuset) – usemje om val av nedkøyring til garasjen i kjellaren.
- Førde Sentralsjukehus – detaljregulering, til utbyggingsareal for sjukehusfunksjonar
- Hafstad del av gbnr 61/8 – areal til nytt politihus
- Interkommunal plan for klimaomstilling (Førde, Gaular, Jølster og Naustdal).
- Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2022.
- Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030

### Busetjing av flyktningar 2019:

Bystyret vedtok å busetje 22 flyktningar i 2019 i samsvar med IMDI si oppmoding.

### Ankerløkken Eigedom AS – kjøp av aksjar:

Fleirtalet i bystyret (inkl. Venstre) vedtok at kommunen skulle nytte seg av forkjøpsretten og kjøpe 250 aksjar i Ankerløkken Eigedom AS. H og SP stemte imot.

### Fusjon Sunnfjord Energi Holding AS og BKK AS:

Venstre stemte saman med fleirtalet i bystyret, for fusjonen. SP og SV utgjorde mindretalet.

### Campus Førde verftet AS:

Bystyret løyvde 2 mill. kr til etablering og utvikling av Campus Førde.

### Fleirbrukshall på Halbrend:

Venstre og AP fekk fleirtal for å legge til rette for bygging av ein fleirbrukshall på Halbrend innan for ei ramme på 44,5 mill. kr.

### Allmennsoge for Førde:

Bystyret løyvde 1 mill. kr til prosjektplan og arbeidet med ei allmennsoge for Førde.

### Symjebasseng i Førdehuset:

Investeringstiltak «Museet i Movika» vart endra til «Symjebasseng i Førdehuset» i gjeldande økonomiplan 2019-2022. Løyvinga på 36,625 mill. kr er uendra.

### Nynorskhuset i Førde:





Bystyret er positive til at Sogn og Fjordane teater går inn som leigetakar og at kommunen ikkje vil vere eigar av Nynorskhuset. Kommunen er også positiv til å auke tilskotsnivået frå 2022 etter modellen for leige i eit bygg til Nynorskhuset.

**Freds- og demokratimonument:**

Bystyret fekk tre alternativ å velje mellom. Fleirtalet gjekk vidare med Arild Waage sitt forslag til freds- og demokratimonument. Sunnfjord kommune må ev. vedta tilleggsløyving i sin økonomiplan.

**Gamlebanken – framtidig modell:**

Bystyret rår til at Sunnfjord kommune set av midlar til opprustning av Gamlebanken i sin økonomiplan for 2021-2025.

**Kulturprisen 2019:**

Vart tildelt Reodorklubben.

Dermed er Førde kommune og Førde bystyre historie

*Jan Taule*

*- gruppeleiar for Venstre i Førde kommune -*



## 4. Rekneskap 2019

Rekneskapet har blitt ført av Ole-Magnus Kapstad, styremedlem og kasserar. Revisor har vore Jan Haarklau. Revisormelding blir lagt fram på årsmøtet.

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner rekneskap 2019.

### Driftsregnskap

	Debet	Kredit	Resultat
Kontingent		4 060,00	4 060,00
Tilskot		43 113,52	43 113,52
Renter/gebyr	77,00	51,00	-26,00
Valkamp	63 363,91		-63 363,91
Fylkes/nasjonalmøter	10 950,00		-10 950,00
Andre arrangement	3 765,00		-3 765,00
Administrasjon/møter	4 018,50		-4 018,50
Annonse/profilering	718,75		-718,75
Ymse ut/inn		20 047,15	20 047,15
Overskudd/Underskudd	82 893,16	67 271,67	-15 621,49

### **BALANSE**

<u>Eiendeler</u>	Beholdn. pr. 1/1	Debet	Kredit	Beholdn. pr. 31/12
Konto Førde Venstre	24 340,69	67 247,67	-82 893,16	8 695,20
Konto Jølster Venstre	45 258,88	23,00		45 281,88
Konto Naustdal Venstre	3 696,71	1,00		3 697,71
<u>Egenkapital</u>				
Driftskapital pr. 1/1	73 296,28			57 674,79
	73 296,28	73 296,28		57 674,79
				57 674,79

### **Budsjett Sunnfjord Venstre 2019**

	<b>Inntekter</b>	<b>Kostnader</b>
Tilskot	66 500	
Medlemskontingent (2018)	3 000	
Annonser (Facebook / avis)		15 000
Valkampmateriell mm.		48 500
Reiser		10 000
Møte		20 000
Stand og arrangement		5 000
Anna		1 000
<b>Sum</b>	<b>69 500</b>	<b>99 500</b>

**Underskot:** **30 000**



## 5. Arbeidsprogram for Sunnfjord Venstre 2020

Styret ønskjer å gjennomføre ei arbeidsøkt under årsmøtet der medlemene får diskutere kva ein skal prioritere å arbeidet med i laget i 2020. Styret legg derfor ikkje fram framlegg til arbeidsprogram, men har førebudd saka til årsmøtet slik at vi kan vedta eit arbeidsprogram.

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet vedtek arbeidsprogram 2020.

## 6. Medlemskontingent 2021

Medlemskontingent for 2020 vart vedtatt av årsmøtet i 2019.

**Framlegg til vedtak:** Sunnfjord Venstre følgjer Venstres hovudorganisasjon sine forslag til kontingent for lokallag 2021. Denne er på kr. 50,- for yrkesaktive medlemmer og kr 25,- for ikkje-yrkesaktive medlemmer.

## 7. Budsjett for Sunnfjord Venstre 2020

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner budsjett 2020.

	<b>Inntekter</b>	<b>Kostnader</b>
Tilskot	40 000	
Medlemskontingent	4 000	
Annonser (Facebook / avis)		1 000
Valkamp		-
Fylkes / nasjonalmøter		20 000
Administrasjon / møter		5 000
Andre arrangement		2 000
Anna		1 000
<b>Sum</b>	<b>44 000</b>	<b>29 000</b>
<b>Overskot:</b>		<b>15 000</b>

## 8. Fråsegner

Forslag til fråsegner frå styret og medlemene blir lagt fram på møtet.

**Framlegg til vedtak:** Årsmøtet vedtek følgjande fråsegner: XXX



## 9. Val

### Valnemnda si innstilling:

Leiar (1 år): Tor Emil Foslid (ny)

Styremedlem (2 år): Vigdis Tønning (attval)

Styremedlem (2 år): Kurt Hafstad(ny)

Styremedlemer (ikkje på val): Birgit Tansøy, Ole Magnus Kapstad

1. varamedlem (1 år): Daniel Figueiredo

2. varamedlem (1 år): Berit Ekerbakke (attval)

3. varamedlem (1 år): Anne-Mette Hjelle (attval)

*Årsmøtet må i tillegg velje to revisorar og to medlemmer i valnemnda for to år, og velje kasserar blant styremedlemene.*

## 10. Val av fem utsendingar med vara til årsmøte Vestland Venstre 8.-9. februar.

### Styret sitt forslag:

Fem utsendingar:

Tor Emil Foslid

Vigdis Tønning

Elias Slåtten

Åge Avedal

Vara:

Kurt Hafstad

Judith Kapstad